



Saksframlegg

Økonomigjennomgang til 2. tertial, kultur og oppvekst 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

I økonomirapportering for 1. tertial vart det rapportert at det er nødvendige med tiltak for å få skulen på eit betre nivå. Ein har gjort fleire grep for å sikre dette. Grunna fleire usikre moment rundt frávær, tilsette ein noko over ramma for å sikre bemanning og at klassene kunne starte opp på ein god måte.

Fleire tilsette vil også gje rom i timeplanane, slik at ein kan bruke skulen sine eigne pedagogar ved frávær, så langt det let seg gjere, då det er krevjande å skaffe vikarar. Men dette fordrar at ein også klarar å halde fráværet på eit akseptabelt nivå.

For at tilsette og elevar skal oppleve betre forutsetningar for undervisning, høgare trivsel og meistring har ein sett inn støttefunksjonar som IT-konsulent i 40 % og skulemiljøarbeider i 100 % (ca 50 % er dekt av skulemiljømidlar frå UDIR).

Vidare har skulen auka funksjonen til spesialpedagogisk koordinator til 43 %, slik at krav i opplæringslova kapittel 11 blir fylgd, samt samarbeid og koordinering av PPT og logoped.

Ein skal finansiere noko av meirkostnadar ved mindre bruk av vikarar, vakante stillingar blir ikkje lyste ut og naturleg avgang.

Meirkostnadane er nødvendige for å få til grunnleggjande og varige endringar. Det vil vere ein krevjande jobb dette skuleåret og framover, men at der er vilje til å sette inn kostnadseffektive tiltak er svært viktig og vil gje høgare kvalitet på sikt. Drifta dei fyrste månadane av skuleåret er noko høgare på løn og drift og ikkje alle refusjonar frå våren er inntektsført.

Det er også store utgifter til barnevern i sektoren, men det meste vil bli dekt opp av midlar frå IMDI.

Vi får ikkje gjort noko med historia, men vi gjer grep for framtida.

I kultur er det ei god jobbing og avdelinga er i balanse. Ein har fleire tilbod i aktivitet, men ein ser noko nedgang i kulturskulen. Avdelinga samla sett ligg innafor budsjett og er kreative i å skaffe inntekter.

Barnehagen har ei bevist innsparing på løn. Barnetalet har gått ned og ein har difor sett på andre måtar å bygge både avdelingar og turnus på. Men ny rettleiar om «Tilstrekkeleg bemanning i barnehagen» gjer at barnhagen må auke opp noko. Desse endringane vil barnehagen greie innafor eigen ramme.

Konklusjon:

For 2. tertial ligg sektor for kultur og oppvekst med eit overforbruk på kr 1.900 000,-. Dette ligg hovudsakleg i høgare lønnsutgifter på skulen, grunna tiltaka skissert.

Sektoren jobbar vidare med dei endringane som er nødvendige.

Det er forventa omstillingar i sektoren, noko vi allereie er i gang med. Både på tvers av sektor og i den enkelte avdeling. Dette er eit krevjande, men nødvendig arbeid for alle.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01. september til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst